



## INNKALLING TIL MØTE I RÅDMANNSFORUM

**TIL RÅDMENNENE I HARDANGER**

**Dato: Torsdag 26.04.2018 kl 08.30 – 15.00**

**Møtestad: Odda rådhus kommunestyresalen + møterom oppvekst øst.**

**Møteinkallinga er gjort i Outlook.**

**Agenda:**

08.30 – 10.15 Tizir Bedriftsbesøk og omvising

Kommunestyresalen

10.30 – 11.00 Rådmannsforum har fellesmøte med Hardangerrådet

11.00 – 11.30 Orientering:

Forprosjekt siderklynge – Statusrapportering for prosjektet  
v/ Gunnhild Jåstad og Leif Øie

11.30 – 12.30 Lunsj

12.30 – 15.00 Møterom oppvekst øst: Sakshandsaming

**Sakliste Rådmannsforum:**

**RF-sak 06/18 Meldingar**

**RF-sak 07/18 Omorganisering av NAV avd. Voss/Hardanger**

Vidare oppfølging av framdrift

Drøfting

**RF-sak 08/18 Oppfølgjing av andre saker frå rådmannsforum 18.01.2018**

M.a. sal av aksjar i bompengeselskapa

**RF-sak 09/18 Felles NAV-kontor for Hardanger?**

Drøfting

**RF-sak 10/18 Skjønsmidlar 2018 frå Fylkesmannen i Hordaland.**

Gjennomgang av løyvingar.

**RF-sak 11/18 Orienterings- og drøftingssaker.**

Saker innmeldte ved starten av møtet.

Ulvik/Kinsarvik 20.04.2018

Thore Hopperstad/s  
Leiar i Rådmannsforum

Trude Rinaldo  
sekretær



## RF – sak 07/18 Omorganisering av nav avd. Voss/Hardanger

### NAV Voss og Hardanger

NAV tenesteområde Hardanger og Voss er i prosess for å vurdere alternative organisasjonsformer. Målet er å sikra statlege og kommunale NAVtenester, kompetanse og stabil drift i regionen og i dei lokale kontora. Dei tilsette i NAV ynskjer tettare integrasjon og er no i gang med eit internt organisasjonsutviklingsarbeid som har som mål å styrka samhandling og arbeid på tvers av kontora.

Våren 2017 fekk rådmannsforum presentert «Værnesmodellen» som ein mogleg modell også for Hardanger og Voss. Av ulike grunner blei ikkje saka fylgt opp før vinteren 2018 då rådmannsforum gjorde følgjande vedtak i sak 02/18:

*Nyleg møte i NAV drøfta vidare samarbeid og kva modell og korleis den skal sjå ut og fungera for Hardanger og Voss. Skissa til framdriftsplan:*

*Strategi vidare for å sikra kommunal styring er*

- Å få laga ein felles intensjonsavtale inkludert Voss og Vaksdal.
- Når ein intensjonsavtale er signert i alle kommunane, går ein i gang med vidare utredningsarbeid, som skal enda i ein vertskommuneavtale.

*Hardanger og Voss vert mindre sårbare med samarbeider, og får betre utnyttelse av arbeidskrafta. RF ønskjer også lik avtale mellom statlege og kommunalt tilsette i NAV.*

*No vert makt flytta ned i dei nye store regionane. Minstekontorgarantien er teken vekk. Dvs at regionen kan sjølv laga avtale, eller verta styrt frå utsida. Dette skjer no, og det hastar. Vedtak må i kommunestyra denne våren.*

### Bakgrunn

I samband med kommune- og regionreforma legg ein no også opp til ny regional struktur i NAV. NAV blir delt inn i 12 regionar der Hordaland og Sogn- og fjordane blir slått saman til ein region. Eit av måla med reforma er å flytte ressursar frå fylkesnivået og ned til NAV kontora. Målbildet for regionaliseringa er slik (Viken er etter dette delt i to; derfor ligg det inne 11 regionar her)

## Målbildet for regionalisering



NAV Hardanger og Voss er eit samla tenesteområde med felles områdeleiari, men med ni sjølvstendige NAV kontor. Desse kontora er organisert ulikt i høve kommunale og statlege oppgåver og i høve leiarstruktur. Dei er også svært ulike i størrelse og dermed i kompetanse og kapasitet.

Regionreforma kan få konsekvensar for kontorstrukturen og for småkontora i distriktet sjølv om strukturen i den nye regionen ikkje er teikna ennå. Minstekontorgarantien er teken vekk og det er fare for at det kan bli gjort strukturelle endringar som går på tvers av det kommunane sjølv vil meine tener regionen best. Me meiner difor det er viktig at me no tek naudsynte grep og gjer endringar som kan sikra tenestene slik me sjølv ynsker at dei skal utøvast.

## Ny organisering, bakgrunn og målsetting

Uavhengig av korleis ein har vald å organisera NAV tenestene i kommunane, ser ein at NAV er i stadig endring og at oppgåveporteføljen, rapporteringskrava, krava til fagkompetanse forvaltingspraksis berre blir større og større. Ein har sett at dei små NAV kontora er sårbarer både i høve kompetanse, stabil drift og rettstryggleik. På den andre sida er dei lokale NAV kontora viktige for brukarane. NAV overfører no mykje av sakshandsaminga til dei digitale plattformene, samstundes som det auka fokuset om å få folk i arbeid krev lokalt nettverk, kjennskap til lokalt arbeidsliv og direkte møte med brukarane.

NAV kontora i Værnesregionen sleit med mange av dei same utfordringane som ein gjer i vår region. Intensjonane bak samordninga i Værnesmodellen har blitt formulert slik:

*Bakgrunnen var at kontorene var sårbare fordi de var så små. Et samarbeid kunne gi bedre rettssikkerhet for brukerne, mer effektiv og stabil drift, større fagmiljø og en mer enhetlig forvaltningspraksis (Erfaringsrapport s.6).*

Med dette som bakgrunn har ein eit ynskt om å analysera tenesteområde Hardanger og Voss med det målet å komme fram til ein organisasjonsform som sikrar både

*Fagleg kapasitet og stabilitet – lokal forankring og nærvær*

## **Interkommunalt samarbeid**

Slik rådmannsforum ser det er løysinga for å sikra gode lokale NAV tenester i vår region, at me klarer å bygge NAV kontora tettare saman samstundes som det lokale nærværet blir oppretthalde.

I Værnesmodellen har ein løyst dette med ein vertskommuneavtale der alle kommunane overfører ansvar og mynde på alle sine statlege og kommunale oppgåver knytt til alle NAV tenester til vertskommunen. Vertskommunen på si side forpliktar seg til å opprethalda opne kontor i alle kommunane. Den store forskjellen er at kompetansen og arbeidsområder blir komplementære og ikkje overlappande. Det vil sei at dei tilsette på dei ulike kontora spesialiserer seg og får ansvar på ulike tenesteområde. Vertskommunen har også ansvar for å bemanne kontora i feriar og ved sjukdom, og dei tilsette får eit større kollegium. Modellen inneber ikkje ressursflytting mellom kontora, berre forskyving av ansvarsområde og mynde. Dette betyr at den kommunen som blir vertskommune ikkje kan forventa at deira NAV kontor blir styrkt på kostnad av dei andre. Dette kan gjere den uunngåelege lokaliseringsdiskusjonen lettare.

## **Vurdering**

Værnesmodellen er ein fullintegrert modell der ansvar for alle NAV tenestene er overført til vertskommunen men der dei tilsette framleis bemannar ein desentralisert kontorstruktur.

Rådmannsforum i Hardanger ynskjer ei utgreiing for å sjå på moglegheitene for å etablera ein variant av denne modellen. Dette betyr ikkje at ein treng å overføra modellen slik den ligg, til vårt tenesteområde. Det er mange gradar av integrasjon og variantar av samarbeid ein kan vurdera. Grunnlaget er at ein formelt etablerer eit NAV kontor med éin felles leiar som har mynde til å fordele arbeidsoppgåver mellom kontora og der ein rapporterer som ein heilskap.

Rådmannsforum trur at i den omstruktureringssprosessen som NAV sentralt og regionalt er inne i no, så er den beste måten me kan sikra ein desentralisert kontorstruktur, å inngå forpliktande avtale mellom kommunane som kan legge føringar og grunnlag også for dei statlege tenestene.

## **Intensjonsvedtak og prosess**

Det må etablerast eit prosjekt som greier ut moglegheitene for etablering av eit felles NAV kontor med grunnlag i lokalt tilstedeværelse. Før ein startar arbeidet med utgreiinga er det likevel naudsynt å få signal frå kommunane om dette er ein farbar veg. Me ynskjer difor at det blir gjort intensjonsvedtak i kommunane i tenesteområde Hardanger og Voss om dei ynskjer ei slik utgreiing.

Det er NAV sjølv som må gjøre utgreiingsarbeidet, men rådmannsforum med rådmann på Voss og i Vaksdal som spartanar fungerer som styringsgruppe. Ein bør ta mål av seg å ha ferdig sak til handsaming i kommunane i løpet av første halvdel av 2019.

Granvin herad 15.3.18

Trude Letnes

Rådmann

<b>2018</b>										
<b>Oversyn prosjektsøknader</b>										
<b>J.nr. : 2017 / 15172</b>										
Kommune	K.nr.	Tema	Søknad				Prioritering reg.rådet	Søknadsbeløp	Tilskot	
		<b>Barn og unge</b>								
Askøy		Barnevernsvakt Hordaland. Nr. 33						3100000	2000000	
Askøy		Åpne barnevernet i Askøy. Nr. 37						1500000	0	
Fjell		Etablering av verkskommunesamarbeid innan barnevernet. U.					<b>V - 5</b>	700000	400000	
Sveio		Barnefattigdom. Nr. 21					<b>S - 1</b>	200000	100000	
<b>Sum</b>								5500000	2500000	
		<b>Omsorgstenester</b>								
Fjell		Nettverk lindrande behandling. Nr. 8							0	
Stord		Tilrettelagt helse- og omsorgstenester, tryggleikstiltak for ressurskrevjande brukar. Nr. 2						975202	975000	
Masfjorden		Samarbeid for planlegging, innføring og bruk av Velferdsteknologi i					<b>N - 1</b>	890000	600000	

	seks kommunar i Nordhordland. Nr. 11							
Vaksdal	Brukarmedverknad Demens. Nr. 13						430000	0
Askøy	Framtidsretta psykisk helsehjelp. Nr. 15						720000	400000
Sveio	Velferdsteknologi. Nr. 20				<b>S - 1</b>		400000	0
Ullensvang	Framtidsretta og gode omsorgstenester i Nye Ullensvang. Nr. 22				<b>H - 1</b>		1500000	800000
Askøy	Aktiv og trygg omsorg - heile livet. Nr. 26						850000	0
Lindås	Langvarige Koordinerte Tenester. Nr. 34				<b>N - 4</b>		400000	0
Tysnes	Psykomotorisk fysioterapi for ungdom si helse. Nr. 40				<b>S - 3</b>		291050	0
Meland	Samordning av velferdsteknologi Alver kommune (Meland, Radøy og Lindås). Nr. 44				<b>N - 1</b>		800000	600000
Stord	Kompetansebank for rehabilitering, helse og omsorg. Nr. 47				<b>S - 2</b>		300000	0
Bergen	Vurderingsteam for kommunale helse- og omsorgstenester. U						1500000	0
<b>Sum</b>							9056252	3375000
	<b>Flyktningar</b>							
Fjell	Integrering av flyktningar gjennom arbeid. Nr. 41				<b>V - 6</b>		700000	400000
<b>Sum</b>							700000	400000

	<b>Samfunnstryggleik og beredskap</b>									
Lindås	Samfunnstryggleik og beredskap i Alver kommune. Nr. 10						<b>N - 3</b>	500000	425000	
Ullensvang	ROS for Nye Ullensvang kommune. Nr. 23						<b>H - 4</b>	200000	200000	
Fjell	ROS - analyse for Knarrvika i Fjell kommune. Nr. 32.						<b>V - 7</b>	845000	450000	
Bergen	Utredning av virtuelle løsninger ved etablering av Vest 110 - region. Nr. 35							900000	400000	
Bergen	Etablering av Vest brann- og redningsregion. Nr. 36						<b>V - 4</b>	950000	950000	
Bergen	Fylle kompetansegap. Nr. 56							2000000	0	
<b>Sum</b>								5395000	2425000	
	<b>IKT</b>									
	<b>Digitalisering</b>									
Sveio	Felles drift og utvikling av IKT - tenester på Haugalandet. Nr. 12						<b>S - 2</b>	200000	0	
Os	Os og Fusa. Gi brukar tilgang til relevante opne og graderte dokument via KS Min Side. Nr. 18							1800000	0	
Os	Os og Fusa. Implementering av eit heilskapleg kvalitets- og styringssystem. Nr. 19							2700000	0	

Fjell	Kartlegging, effektivisering og digitalisering av arkiv i Fjell, Sund og Øygarden. Nr. 25				<b>V - 1</b>	3000000	0
Tysnes	Forstudie for å avklara felles IKT - drift i Sunnhordland. Nr. 27				<b>S - 1</b>	600000	0
Osterøy	IKT - Driftssamarbeid i Hordaland (16 kommunar). Nr. 30				<b>N - 2</b>	1700000	0
Ulvik	Felles fagsystem for Ulvik og Eidfjord. Nr. 31				<b>H - 3</b>	1500000	0
Øygarden	Digital omstilling i skulen. Nr. 45				<b>V - 3</b>	500000	0
Fjell	Digitalisering i omsorgstenesta. Nr. 42				<b>V - 2</b>	1100000	0
Bergen	Strategisk digitaliseringssamarbeid i Hordaland. Nr. 54					17350000	0
Bergen	Etablering av datasjø for Bergen kommune. Nr. 55					3500000	0
<b>Sum</b>						33950000	0
	<b>Tiltak innan miljø- og landbruksområdet</b>						
Askøy	Problemkartlegging etter vannforskrift og tilgjengeleggjering i kart. Nr. 29					200000	0
Jondal	Biogass Hardanger. Nr. 38				<b>H - 2</b>	350000	300000
Osterøy	Strategiplan for Nordhordland Biosfæreområde. Nr. 39				<b>N - 1</b>	300000	200000
Voss	Biogass på Voss. Nr. 51					250000	200000
Fitjar	"Nært og kjært" eit friluftsprosjekt. U.					240000	200000

Bergen	Fossilfri by - kartlegging av gassbrukarar i Bergen søknad ikkje motteke					100000	0
Bergen	Analyse av mikroplast i Byfjorden søknad ikkje motteke					200000	0
<b>Sum</b>						1640000	900000
	<b>Interkommunalt planarbeid</b>						
Kvam	Forstudie til utviklingsplan for Kvamskolgen. Nr. 4				<b>H - 7</b>	100000	0
Vaksdal	Arna - Stanghelle, statleg plan for veg og bane. Nr. 9 + 16					2000000	2000000
Voss	Utarbeiding av kommuneplan for Nye Voss kommune. Nr. 14					400000	300000
Granvin	Granvin 2020 "Frå kommune til bygd". Nr. 46				<b>H - 6</b>	300000	0
Askøy	Askøyprogrammet - kollektiv, sykkel og gange Askøy Oppfølging og videreføring av prosjekt Fjordbybane. Nr. 17					1000000	500000
Lindås	Planarbeid mot Alver kommune. Nr. 24				<b>N - 3</b>	400000	400000
Bømlo	Samskaping i planarbeid. Samarbeid kommuneplan Stord. Nr. 43				<b>S - 1</b>	410000	300000
Stord	Moglegheitsstudie regional plan for Haugalandet og Sunnhordland. Nr. 50				<b>S - 1</b>	300000	0
Osterøy	Samarbeid "rand" kommunane i Nordhordland. U.				<b>N - 3</b>	300000	0
Odda	Kommuneplan for nye Ullensvang kommune. U.				<b>H - 5</b>	1000000	500000
<b>Sum</b>						6210000	4000000

	<b>Andre</b>	<b>føremål</b>								
Bergen	Videreutvikling av nytt budsjett- og økonomistyringsverktøy.	Nr. 28.						660000	0	
Stord	Vurdering av bilordninga i Stord kommune.	Nr. 48					<b>S - 1</b>	250000	0	
Stord	Utvikling av aktivitetssenter i Stord kommune.	Nr. 49					<b>S - 4</b>	300000	0	
Stord	Tett på - ulikskap i sjukefråværet i Stord kommune.	Nr. 53						200000	0	
<b>Sum</b>								1410000	0	
<b>TOTALSUM</b>								<b>63861252</b>	<b>13600000</b>	